Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 24

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: måltider og mat

Oppskr. av: Arne Vardehaug

(adresse): Levanger

Fylke: N-Trøndelag

Herad: Frol

Bygdelag: Frol

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige röynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein hadde minst 6 måltider i eldre tider, og mesta likt både sumar og vinter. Det var: morgonsbit ca kl 6.; frukost ca kl 8.-, dugurd millom kl. 10 og 11., middagskaffe 1½ à 2 timer etter, nonsmat kl 3-4 og kveldsmat kl 7-8. (Tilslutt var det og ein? kveldsbit slik i 6 tida)

Nå har ein gått over til morgonsmat i 7 tida Middag kl 12 - middagskaffe 13,30 og kveld 15,30. Ofte er det ein kaffedrope slik ~~20~~ 20 tida for folket som då er tilstades. Det har då gått litt om sund med mink av måltidene, og det har atter fylgt med den kortare arbeidstid som litt etter litt har sige i gjenom

3. Om vintrane var det før at ein gjikk over til stuttare dag med færre måltider.

4. Når ein fór for rund ~~med~~ dei store fiskevik, var det föraråne av

1

4922

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

vinka som sett fast dagleng og kva tid målbida skulle vera. Då vart det oftast kortare dag og færre målbid.

Nå hender det at folk går ut på åkeren med ein ekstrabit i potetopptaking når det er born med som plukkarar. Ein tykkje økta vert forlang til dei.

5. Dugurden var hovedmåltidet.

6. Dugurden var omtrent alltid varm=rett. Mest var det oftast nykoka graut til kvelds.

7. Laurdag var det ofte spekesild og søndagen gjerne ein kjøttrett.

8. Kjenner ikkje noe skil på sumar og vinter.

9. Kan ikkje svara på dette

10. Flatbrö vart alltid bruka attåt middagen, og ymse gonger mest og.

11. Dette kan og ikkje.

12. Matsetelen i dag fyljer meir tida, millom anna at ein må bruka det ein til kvar tid får i eller kan. På landet er det ofte vandt å få i fisk nå.

13. Det kan ikkje svarast på.

14. Vi et den maten vi får i i Frol, det kan då vera dei som ikkje vil ha ymse slag, men det er unnatak.

15. Ja på det viset, at enda er det ikkje normale tider, når det gjeld å få i dei ymse matvaror.

4922

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING